Førsteblad                                                                                                   1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.                                         Fylke: Sogn og Fj.

Tilleggsspørsmålnr.                                Herad: Vik

Emne: Ard og Plog.                                 Bygdelag: Vik

Oppskr. av: Tor Hovland                            Gard: Såbø.

(adresse): Vik i Sogn                              G.nr. 1.   Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. x)

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): xx)

x) xx) Båe delar.

## SVAR

1. Ja.

2.a. Ja.

2 b. Ja, det er enno mykje brukt å „bryota opp" åkeren med ard. Til vanleg køyrer ein den all og fram i åkeren. Berre attmed kantane hender det at ein køyrer på kryss og tvers.

2 c. Ja, ein braut kornet ned med arden. Det kallast „å såbrjota". Der det var bratt og tronyt, bruka" ein hakke. „å såhakka".

3. a. Ja, ein bryt opp rader med arden ved potetsetjing, og den vert ålment bruka som hyppeplog.

3 b. Ein brukar no aldri nemningi hyppeplog om arden. Med hyppeplog forstår ein no ein plog av moderne fabrikat (i likskap med hestehakke)
Ordet „å hyppa" er elles ikkje brukt i Vik. Me seier: „å grava oppmed potetone", eller: „reita potetone" eller „arda på potetone."
I gamal tid var det ingen skilnad på ard og hyppeplog. Arden vart nytta til å „bryota opp" med og „reita på".
Det som elles skil arden frå plogen, er at den siste har veltefjøl som velter jord til eine sida. Arden derimot verkar meir som ei horv.

1919

4. Den eldste type som nolevande folk kan minnast, er den som er adteikna i fig. 2. Den vart kalla „Skeidard," og var i bruk i Vik Fram til 1890 åri. {Stillet for djupni kallar dei „spyta". Også kvent „Slira" Sliread.} Då vart den avloyst av ein type som nærast liknar fig 3. men utan noko samband til stille mellom vangsen og ardryggen.




5. Nei, det kan ein ikkje no påvisa.

6.a Arden etter ovanstående riss kallast lekkjear (etter jarnlekkja som ein bind den til ardskeidene med (skoklene)
Ymse namn på einskilde deler: Vangsen, ardfoten, ardryggen

6 b. Skoklene kallast „ardskeier"
På plogen heiter dei „plogdrag".
Endestykket på ardskeiene, der jarnlekkja vert fest i, kallast „dragvöl".

7. Nei. På nye ardar var vangsen brei, og på gamle ardar var den smal av slitet. difor kunde dei skifta mellom nye og brukte; men elles hadde dei ikkje ymse sett.

8. Det hende at når ein skulle hyppa potetene, så spikra ein på nokre sidfjöler for å få reiti breiare. Ofte fletta dei ein

1919

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

krans av bjørkekvister, som dei breidde inn på vangsen og let den liggja rundt ard-ryggen rett ovafor ardfoten. Sume surra rundt ein sekk eller ei klefille til same bruket.

9. Ikkje kjent her.

10. Ikkje kjent her. Derimot regulera dei djüpni ved ein kile som dei slo inn langs ardfoten attanfrå. På lekkjearden som no vert nytta, regulerar dei djüpni ved lengdi av jarnlekkja mellom arden og dragvölen. Lang lekkje, större djüpn.

11-12. Av gardbrukar A. J. Sæbö, Vik, f. 1870 og ein av förgangsmennene for jordbruket i Vik, har eg fått opplyst at det fanst ikkje plogar i Vik för i 1870-80 talet. Då kom her ein dugande smed, Eikås, som laga plogar. Dei var heilt av jarn, med jarnås og vridd veltefjöl, og kniv, ~~og hjul til stilla~~ utan hjul framme. Den fyrste plogen i Vik vart kjöpt av to bönder på Bödalen, Ola L. Brekke og Sjur P. Bö. A. J. Sæbö kjöpte den andre, det var so kring 1890 talet. Sidan vart plogane ålmenne over heile bygdi. Den fyrste gongen han kan minnast det vart tale om plöying, skulle vera ein Jon Espenes som hadde plog. Han meinar at det ikkje kunne vera treplog. Han meinar og at det i det heile ikkje har vore treplogar i Vik. I 1900 flytte ovannemnde smed Eikås frå Vik. Og etter den tid kom dei moderne fabrikkplogane i bruk

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1919

13. Ja. Omkring 1900-talet.
Ein vanleg Eikåsplog koste omlag kr. 50.

14.-23. Etter det som er nemnt under 11-12, kan ein ikkje spörsa noko som kan gjeva svar på desse spörsmåli. Ein kan slå fast at i Vik har jordbrukingi (dyrking) gått for seg med grev og spade. Her er og mykje stein i jordi. Den vanlege vårvinna har gått for seg med arden eller ved å spa åkeren.

I Vik har dei elles idag ein liten lett hyppeplog som er konstruert av bonde Elling Stodheim, d. 1947. Denne plogen vert dregen av folkekraft og er svært hendig til å arda opp reiter ved potetsetjing og til å hyppa potetene seinare.

No moderne typer idag er her i bruk: markplogar - undergrunnsplog, svingplogar, vendeplogar og hestehakker.

Ordet ard vert i folkemålet uttala med stum d. (ar) det er mannkjønn. Likeleis plog, som vert uttala bokstavrett. (ein plog)

1919

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING